



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar, tlf
Bjarne Nes – 57 65 51 49
E-post: bn@fmsf.no

Vår dato
11.04.2007
Dykkar dato
23.01.2007

Vår referanse
2006/5086 - 10/461.2 A
Dykkar referanse

Førde kommune
Postboks 338
6802 Førde

Førde kommune - Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn for Førde by

Vi viser til søknad frå Førde kommune datert 09.10.2006 og til seinare korrespondanse.

Med heimel § 11, jf. § 16 i "lov av 13. mars 1991 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall" (ureiningslova), jf. òg kapittel 14 i "forskrift om begrensning av forurensning" (ureiningsforskrifta), har Fylkesmannen i Sogn og Fjordane gitt Førde kommune utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå Førde by til Førdefjorden. Utsleppsløyvet gjeld for inntil 28.000 pe.

./ Utsleppsløyve med vilkår følgjer vedlagt.

Orientering om saka

Grunnlaget for denne handsaminga er søknaden frå Førde kommune frå 09.10.2006 og dei dokumenta som er lagt ved søknaden. Dokumentasjonen er oppsummert i "Grunnlag for søknaden om utsleppsløyve", utarbeidd av Asplan Viak i september 2006. Fleire granskingar av Førdefjorden frå 1991 til 2006 er sentrale dokument, i tillegg til resultat frå målingar og utrekning av avløpsmengde, i dag og framtidig.

I samsvar med "forskrift om begrensning av forurensning" (ureiningsforskrifta) § 36-6 om førehandsvarsel, og forvaltingslova sin § 16, vart søknaden med grunnlagsmateriale lagt ut til offentleg høyring ved Servicetorget i Førde kommune i tida 10.11.2006 – 22.12.2006, og på Førde kommune og Fylkesmannen sine nettsider. Ei rekkje offentleg etatar og interesseorganisasjonar vart varsla direkte.

Det kom inn uttale frå:

- Kystverket
- Fiskeridirektoratet Region Vest
- NVE Region Vest
- Statens vegvesen Region vest

Ingen av dei som uttalte seg har hatt merknader til dei ureiningsmessige sidene av utslepps-søknaden, jf. òg punktet om grunngeving for avgjerda.

Grunngevinga for vedtaket

Førde kommune har fått utarbeidd ein omfattande dokumentasjon som er lagt til grunn for søknaden om nytt utsleppsløyve. Det er m.a. gjort avløpsmålingar og analysar for å få fram tal for avløpsmengde og innhald i avløpsvatnet, òg det er gjort nye granskingar i resipienten. Granskingar i perioden 1991 – 2006 tyder på ei negativ utvikling i indre del av Førdefjorden, og

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 65 50 55
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 65 50 00
Telefaks: 57 72 32 50

E-post:
post@fmsf.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

området som viser påverknad av ureining har vorte utvida. Det er konkludert med at tiltak må setjast i verk, anten reinsing eller å føre avløpsvatnet lenger ut i fjorden – utafør terskelen ved Ulltang.

Kommunen har vurdert utslepp både til indre fjordbasseng og utafør terskelen ved Ulltang, og ulike reinsetiltak er utgreidd. Søknaden byggjer på alternativ 2B i grunnlagsrapporten, dvs. bygging av eit anlegg med sekundærreinsing og som vert tilrettelagt for fosforfjerning. Utsleppet er planlagt til 35 - 40 meters djup i indre basseng. Det er lagt til grunn at eit utsleppsdjup på minst 35 meter og bruk av diffusor på utsleppsleidningen gjev ei innlagring av avløpsvatnet på 12 – 15 meters djup, dvs. under brakkvasslaget. Kommunen/konsulenten meiner at ein på den måten unngår utslepp til elvemunningen til Jølstra. Kommunen har valt å føre avløpsvatnet om lag 1 km ut i fjorden.

Samla avløpsmengde frå tettbebyggelsen pr. i dag er rekna til 19.300 pe, inkl. tilknytt industriavløp. Ut frå prognoser for framtidig nærings- og busetnadsutvikling i Førde er ei avløpsmengde tilsvarande 28.000 pe lagt til grunn for søknaden.

Krava til avløpsanlegg og reinsetiltak for ein tettbebyggelse større enn 10.000 pe med utslepp til sjø går fram av kapittel 14 i "forskrift om begrensning av forurensning" (ureiningsforskrifta). Denne tok til å gjelde frå 01.01.2007, og krava her ivaretek òg bestemmelsane i EU sitt avløpsdirektiv.

Sekundærreinsing tilfredsstillar kravet til utslepp til sjø i "mindre følsomt område". Innafor eit elvemunningsområde er kravet i tillegg fosforfjerning.

I forskrifta er omgrepet elvemunning definert som "Vann i overgangsområde mellom ferskvann og sjø ved utløpet av en elv". Kvar grensa går mellom elvemunning og sjø kan vere vanskeleg å fastslå. I SFT-rettelias TA-1890/2005 er ulike måtar å avgrense elvemunningen på omtalt. Som nemnt ovafor byggjer søknaden på at avløpsvatnet vert innlagra i sjøvatnet under brakkvasslaget, og på den måten unngå at avløpsvatnet kjem i kontakt med dei vassmassane som blir karakterisert som elvemunning. Det blir vist til at ferskvasspåverknaden i fjorden er stor ved at det er særst lite av typiske marine arter i strandsona. Kvar grensa mellom sjøvatn og brakkvasslaget til ei kvar tid går vil variere m.a. med vassføring i elva, temperatur/årstid.

Ved å setje krav i utsleppsløyvet om sekundærreinsing og i tillegg fosforfjerning, vil krava til utslepp vere tilfredsstillt uavhengig av om utsleppspunktet ligg i eller utafør elvemunningsområdet. Fylkesmannen har difor ikkje teke konkret stilling til kvar grensa elvemunning/sjø går i Førdefjorden. Det betyr òg at Førde kommune ikkje treng å utføre særskild granskning eller leggje fram annan dokumentasjon for at avløpsvatnet faktisk blir sleppt ut utafør elvemunningsområdet.

Avløpsvatnet i Førde har eit sterkt innslag av prosessavløp frå Gilde Vest sitt slakteri. Avløpsmengda målt som BOF_5 frå slakteriet er pr i dag rekna å utgjere om lag 1/3 av samla tilførsel. Stor og varierande avløpsmengde frå slakteriet vil vere ei særleg utfordring for drifta av reinseanlegget. Å ta i bruk det kjemiske reinsetrinnet vil truleg kunne gje eit meir stabilt godt reinseresultat, også med omsyn på organisk stoff.

Tidsfristar og andre krav som er sette til reinseanlegget, krav til prøvetaking og analyse og vurdering av analyseresultat, krav til leidningsnett m.v. følgjer direkte av kapittel 14 i forskrifta. Dette er minimumsløysingar for eit avløpsanlegg av denne type og storleik. Det er òg sett krav om at luktulempar og ev. luktreduserande tiltak ved avløpsreinseanlegget vert vurdert. Dette ut frå erfaring av at enkelte prosessar kan føre til luktulempar for omgivnadene.

Med dei reinsetiltaka og vilkåra elles som er lagt til grunn for utsleppsløyvet, vil både miljøomsyn og omsynet til lokale brukarinteresser i Førdefjorden etter vår meining bli godt

ivareteke. Det er grunn til å vente at den negative utviklinga som er observert i resipienten blir stansa, og at vi gradvis vil sjå ei betring av tilstanden med omsyn på organisk påverknad og næringsstoff. Når det gjeld ureiningskomponentar som tungmetall og organiske miljøgifter har tradisjonelle reinsetiltak avgrensa verknad. Her vil førebyggjande tiltak som m.a. informasjon og kontroll med påslepp vere viktige tiltak. Med det nye kapittel 15A i ureiningsforskrifta har kommunen fått ein betre heimel til å føre tilsyn med og setje vilkår til påslepp til kommunalt avløpsanlegg.

Generelle føresetnader for løyvet

Internkontroll

Det er ein føresetnad at verksemda har ein internkontroll som tek omsyn til verksemda sine plikter for å hindre ureining av ytre miljø, og som sikrar at verksemda oppfyller dei krava som går fram av lover, forskrifter og utsleppsløyvet.

Endring eller tilbakekalling av løyvet

Av omsyn til miljøet kan Fylkesmannen med heimel i ureiningslova § 18 oppheve, endre eller setje nye vilkår i løyvet, og om nødvendig kan heile løyvet verte trekt attende.

Tilsyn

Verksemda pliktar å la representantar for ureiningsstyresmaktene eller den som desse gjev fullmakt, få inspisere anlegget til ei kvar tid jf. ureiningslova § 50.

Tvangsmulkt, straff

Brot på vilkåra gitt i løyvet er straffbart etter ureiningslova §§ 78 og 79. Ved avvik frå løyvet kan Fylkesmannen gje pålegg om igangsetjing av tiltak for å rette opp avvik, jf. ureiningslova § 7, siste ledd. Dersom pålegget ikkje vert følgt opp kan Fylkesmannen fatte vedtak om tvangsmulkt til staten jf. § 73, eller sørge for igangsetjing av tiltak jf. ureiningslova § 74.

Erstatningsansvar

Dette løyvet fritiek ikkje søkjaren for å hente inn løyve for andre sider av verksemda, som t.d. arbeidsmiljø, helse- og landbrukslovgjevinga.

At ureininga er tillete, fritiek ikkje verksemda frå eventuelle erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som følgje av ureininga, jf. ureiningslova § 10 og kap 8, samt grannelova §§ 6, 7 og 8.

Klagerett

Partane og andre med klagerett etter forvaltningslova kan klage over avgjerda innan 3 veker etter at avgjerda er motteken, jf. forvaltningslova § 29. Eventuell klage bør grunngjevast og skal rettast til Statens forureiningstilsyn (SFT). Klaga skal sendast til Fylkesmannen.


Risikoklasse og gebyr for sakshandsaming og kontroll

Frå 01.01.07 er kapittel 39 ureiningsforskrifta endra slik at Fylkesmannen skal ta gebyr for sakshandsaming av søknader og kontrolltiltak etter ureiningslova. Det er ikkje fastsett gebyr for vedlagte løyve då søknaden vart sendt inn i 2006. Løyvehavar må pårekne gebyr for eventuelle framtidige søknader om endring av løyvet og kontrollar frå Fylkesmannen. Vi viser elles til at avløpsanlegget er plassert i risikoklasse 3 i samsvar med SFT si klasseinndeling for verksemdar med utsleppsløyve etter ureiningslova.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i "forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)"; kapittel 36 "Behandling av tillatelser etter forurensningsloven". Den som har fått løyvet skal så snart som råd kunngjere dette i dagspressa. Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar ein kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta, og opplysningar om klageinstans og frist for ev. klage på vedtaket. Kopi av kunngjering skal sendast til Fylkesmannen.

Med helsing


Gøsta Hagenlund
assisterande fylkesmiljøvernssjef


Bjarne Nes
senioringeniør

Vedlegg

Kopi med vedlegg:

Statens forurensningstilsyn, Postboks 8100 Dep., 0032 Oslo
Asplan Viak as, Sognefjordvegen 40, 6883 Leikanger
Kystverket, Serviceboks 2, 6025 Ålesund
Fiskeridirektoratet Region Vest, Postboks L, 6701 Måløy
NVE Region Vest, Postboks 53, 6801 Førde
Statens vegvesen Region vest, Askedalen 4, 6863 Leikanger
Naturvernforbundet Indre Sunnfjord v/Øyvind Wahl, Flatene 5, 6800 Førde
Førde Jakt- og Fiskelag v/Rune Ramstad, Postboks 380, 6801 Førde
Norges Miljøvernforbund, Postboks 593, 5806 Bergen



Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå Førde by

Førde kommune

Løyvet er gjeve med heimel i § 11, jf. § 16 i Lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensningar og om avfall (ureiningslova), med seinare endringar. Løyvet er gjeve på grunnlag av opplysningar i søknad av 09.10.2006 og opplysningar som har kome fram under handsaminga av søknaden. Dersom anleggseigar ønskjer å gjera endringar som går ut over dei opplysningar som til no er gjort kjent, må dette vera skriftleg avklåra med Fylkesmannen på førehand.

Dette løyvet erstattar utsleppsløyve frå 20.07.1984 med seinare endringar.

Løyvet gjeld frå dags dato og på dei vilkår som er gjevne på side 2 – 9 i dette dokumentet.



Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje vert teke i bruk innan 2 år etter at løyvet er gjeve, skal verksemda sende melding til Fylkesmannen, slik at Fylkesmannen kan vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Informasjon om verksemda:

Verksemd	Førde kommune
Lokalisering	Førde by
Adresse	Postboks 338, 6802 Førde
Kommune / Fylke	Førde / Sogn og Fjordane
Organisasjonsnummer	963 923 511
NACE-kode og bransje	75.110 Generell (overordn.) offentlig administrasjon og økonomiforvaltning
UTM-koordinatar (RA)	N 6817820 – Ø 331330 (EUREF89, UTM-sone 32)
UTM-koordinatar (utslepp)	N 6818660 – Ø 330430 (EUREF89, UTM-sone 32)

Referansar:

Arkivkode	Anleggsnummer	Risikoklasse
2006/5086- /461.2	1432.021.01	3

Utsleppsløyve gitt (dato): Leikanger 11.04.2007	Endringsnummer:	Sist endra (dato):
 Gøsta Hagenlund assisterande fylkesmiljøvernsjef		 Bjarne Nes senioringeniør

Vilkår for utsleppsløyvet

0. Definisjonar

Avløpsvatn: Både sanitært og industrielt avløpsvatn og overvatn.

Kommunalt avløpsvatn: Sanitært avløpsvatn og avløpsvatn som består av ei blanding av sanitært avløpsvatn og industrielt avløpsvatn og/eller overvatn. Dersom mengda sanitært avløpsvatn ikkje overstiger 2000 pe og sanitært avløpsvatn samtidig utgjer mindre enn 5 % av avløpsvatnet, vert avløpsvatnet ikkje rekna som kommunalt avløpsvatn.

Sanitært avløpsvatn: Avløpsvatn som i hovudsak skriv seg frå menneske sitt stoffskifte og frå hushaldsaktivitetar, her medrekna avløpsvatn frå vassklosett, kjøkken, bad, vaskerom eller liknande.

Avløpsanlegg: Eit kvart anlegg for handtering av avløpsvatn som består av ein eller fleire av følgjande hovudkomponentar: avløpsnett, reinseanlegg og utsleppsarrangement.

Avløpsnett: Eit transportsystem som samlar opp og fører avløpsvatn frå bustadhus eller andre bygningar med innlagt vatn.

Elvemunning: Vatn i overgangsområde mellom ferskvatn og sjø ved utløpet av ei elv.

Personekvivalent, pe: Den mengda organisk stoff som vert brote ned biologisk med eit biokjemisk oksygenforbruk målt over fem døgn, BOF₅, på 60 g oksygen per døgn. Storleiken på avløpsanlegget i pe vert rekna ut på grunnlag av største vekemengde som går til reinseanlegget eller utsleppspunkt i løpet av året, med unntak av uvanlege forhold som for eksempel skuldast kraftig nedbør.

Avløpsslam: Slam frå reinsing av sanitært og kommunalt avløpsvatn, unntatt ristgods.

Støy: $L_{pAekv 12h}$ – ekvivalent lydnivå som er eit mål for gjennomsnitt nivå for varierende lyd over ein bestemt tidsperiode (her 12 timar).

L_{A1} – statistisk maksimalnivå, uttrykt som det støynivået som blir overskride i 1 % av tida.

1. Ramme for løyvet og fristar

1.1 Avløpsmengde

Utsleppsløyvet gjeld avløpsanlegg for Førde by med ei samla tilført mengde kommunalt avløpsvatn på inntil 28.000 p.e.

1.2. Tidsfristar

Tabell 1.

Oppfylling av reinsekrav	31.12.2008	Jf. 3.1.
Dokumentere driftstid av overløp	31.12.2008	Jf. 3.2
Akkreditert prøvetaking	31.12.2008	Jf. 3.4.
Rapportere utsleppstall mv. til KOSTRA	15. februar kvart år	Jf. 8

2. Generelle vilkår

2.1. Avgrensingar av utslepp

Dei utsleppskomponentane som vi har vurdert til å ha størst miljømessige påverknader er regulerte med konkrete vilkår i løyvet, og det er stilt krav om målingar/registreringar og innrapportering. Utslepp som ikkje er regulert på denne måten, er omfatta av utsleppsløyvet så langt opplysningar om slike utslepp vart lagt fram i samband med sakshandsaminga, eller som må reknast som kjent på annan måte då vedtaket vart gjort. Dette gjeld likevel ikkje utslepp av prioriterte stoff som er oppført under vedlegg 1.

2.2. Oppfylling av grenseverdiar

Alle fastsette grenseverdiar for utslepp til luft og vatn, inkludert støv, lukt og støy skal haldast innanfor fastsette midlingstider.

2.3. Plikt til å redusere ureining så langt som mogeleg

All ureining er isolert sett uønska når det gjeld utslepp til luft og vatn, støy og avfall. Sjølv om utsleppa er innafor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere sine utslepp så langt som mogeleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar òg utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grenser for i løyvet.

2.4. Utskifting av utstyr

Dersom det skal gjerast ei vesentleg utskifting av utstyr, pliktar verksemda å velje tekniske løysingar som gjer det mogleg å redusere eller hindre ureinande utslepp

eller andre miljøulemper (beste tilgjengelege teknikkar). Ved utskifting av utstyr som kan ha innverknad på utslepp frå avløpsanlegga, er det meldeplikt til Fylkesmannen, jf. ureiningslova § 19. Fylkesmannen kan då oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår eller om nødvendig kalle løyvet attende med heimel i ureiningslova § 18.

2.5. Nedlegging, driftsstans og eigarskifte

Dersom avløpsanlegg vert lagt ned eller stansa, skal verksemda gjera det som er nødvendig for å unngå ureining, forsøpling og lagring av avfall. Dersom verksemda ønskjer å starte opp att drift ved anlegget skal det gjevast melding til Fylkesmannen jf. ureiningslova § 20. Får anlegget ny eigar skal melding sendast Fylkesmannen seinast 1 månad etter eigarskiftet.

2.6. Varsling og plikter ved akutt ureining og overutslepp

Ved akutt ureining eller fare for akutt ureining, skal Fylkesmannen varslast så raskt som mogleg. Det vert elles vist til ureiningslova § 39 om varslingsplikt, og § 3 i "Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 9. juli 1992".

Verksemda pliktar å setje i gang tiltak for å stanse, fjerne og avgrense akutt ureining og overutslepp. Fylkesmannen kan gje pålegg om opprensning og at tiltak vert sett i verk for å betre driftsregularitet og beredskapsplanar ved avløpsanlegget, jf. ureiningslova §§ 7 og 41.

2.7. Internkontroll

Verksemda pliktar å etablere ein internkontroll i samsvar med "forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter" (internkontrollforskrifta). Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda etterlever krava i løyvet, ureiningslova, produktkontrollova og aktuelle forskrifter heimla i desse. Verksemda pliktar å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda pliktar vidare gjennom internkontrollen til ei kvar tid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre ureining og kunne gjere greie for risikotilhøva ved avløpsanlegget.

Internkontrollen skal identifisere dei personane og funksjonane som er ansvarlege for drift av dei ulike delane av anlegget. Det er verksemda sitt ansvar at desse personane har naudsynt kompetanse.

Verksemda må etablere eit system for substitusjon av kjemikaliar og råstoff som kan ha ein skadeleg effekt på helse og miljø. Verksemda pliktar å ta i bruk andre og betre alternativ dersom det finns, så langt det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe jf. produktkontrollova § 3a.

3. Utslepp til vatn

3.1. Reinse- og utsleppskrav

Innan 31.12.2008 skal avløpsvatnet gjennomgå sekundærreinsing og fosforfjerning før utslepp til resipient, jf. tabell 2.

Tabell 2.

Reinsekrav	Organisk stoff		Fosfor
	BOF ₅	KOF _{CR}	P
Sekundærreining	70% reduksjon eller 25 mg O ₂ /l ved utslepp	75% reduksjon eller 125 mg O ₂ /l ved utslepp	
Fosforfjerning			90% reduksjon

Dette vil seie at:

- 1) **Det biologiske oksygenforbruket (BOF₅)** i avløpsvatnet skal reduserast med minst 70% i høve det som blir tilført reinseanlegget, eller ikkje overstige 25 mg O₂/l ved utslepp og
 - 2) **det kjemiske oksygenforbruket (KOF_{CR})** i avløpsvatnet skal reduserast med minst 75% av det som blir tilført reinseanlegget, eller ikkje overstige 125 mg O₂/l ved utslepp,
- og at **fosformengda (Tot-P)** i avløpsvatnet skal reduserast med minst 90% av det som blir tilført reinseanlegget.

Reinsa avløpsvatn kan sleppast ut i Førdefjorden og skal førast i tett leidning til utsleppsstaden. Utsleppet skal skje slik at avløpsvatnet til ei kvar tid vert innlagra under overflatelaget, og slik at det skjer god fortynning i resipienten. Ut frå målingar og utrekningar som ligg ved søknaden vil dette seie eit utsleppsdjup på minst 35 meter, og bruk av diffusor på utsleppsleidningen. Utsleppsleidningen skal forankrast slik at den ikkje flyt opp eller endrar leie, og den må leggjast og merkast i samsvar med godkjenning frå Kystverket.

3.2. Avløpsnett

Avløpsnettet skal, utan at det fører til uforholdsmessig store kostnader, dimensjonørast, byggast, drivast og haldast ved like med utgangspunkt i best tilgjengleg teknologi og fagkunnskap. Dette særleg med omsyn på:

- a) avløpsvatnet si mengde og eigenskapar
- b) førebygging av lekkasjar og
- c) avgrensing av ureining av resipient som følgje av overløp

Det skal leggjast til grunn anerkjende metodar som avgjerdsgrunnlag for rehabilitering av avløpsnettet.

Innan 31.12.2008 skal verksemda registrere eller gjere utrekning av driftstid for utslepp frå overløp.

3.3. Utforming og drift av reinseanlegg

Reinseanlegget skal dimensjonerast, byggast, drivast og haldast vedlike av fagkyndige slik at det har tilstrekkeleg yteevne under alle klimatiske forhold som er normale for staden der det ligg. Ved utforming av anlegget skal det takast omsyn til variasjonar i mengde avløpsvatn i over året. Reinseanlegget skal utformast slik at det kan takast representative prøver av det tilførte avløpsvatnet og av det reisa avløpsvatnet. Det skal kunne takast målingar av mengde avløpsvatn.

Det er ikkje tillate å sleppe ut avløpsslam eller ristgods i ein vassførekomst, verken ved dumping frå skip, utslepp frå rørleidningar eller på nokon annan måte.

Reinsa avløpsvatn skal ombrukast når dette er formålstenleg.

3.4. Prøvetaking

Det skal takast prøver av tilført avløpsvatn og reinsa avløpsvatn. Tilført vassføring skal målast med ein usikkerheit på maksimalt 10 % og registrerast. Den som utfører prøvetaking, inkludert konservering, skal frå 31.12.2008 vere akkreditert for prøvetaking eller ha et tilsvarande kvalitetssikringssystem for prøvetaking godkjent av ein kvalifisert nøytral instans.

Prøvene skal vere representative for avløpsvatnet og takast ved hjelp av eit automatisk, mengdeproporsjonalt prøvetakingssystem. Prøvene skal takast med jamne mellomrom gjennom året. Prøvetakingstidspunktet skal vere i samsvar med ein tidsplan sett opp på førehand i verksemda sin internkontroll. Prøvene skal konserverast og oppbevarast i samsvar med Norsk Standard eller annen anerkjent laboratoriepraksis.

Det skal takast døgnblandprøver når prøvene skal analyserast for BOF_5 , KOF_{CR} . Det skal takast døgn- eller vekeblandprøver når prøvene skal analyserast for tot-P.

Det skal minst takast følgjande tal prøver:

Tabell 3.

Anleggsstorleik i pe	Tal prøver pr. år
≥ 10.000	24

Dersom prøvetakinga av utløpsvatnet er lokalisert slik at prøvene ikkje inkluderer avløpsvatn som går i overløp i eller ved reinseanlegget, skal overløpsbidraget målast, registrerast og reknast med i reinsegraden.

3.5. Analyse

Prøvene av tilført avløpsvatn og reinsa avløpsvatn skal analyserast med omsyn på BOF₅, KOF_{CR} og P. I tillegg skal seks av prøvene av tilført avløpsvatn og reinsa avløpsvatn analyserast med omsyn på følgjande miljøgifter (tungmetall):

Tabell 4.

Analyseparameter	Deteksjonsgrense
As, Cr, Cu, Ni, Zn og Pb	≤ 1µg/l
Cd og Hg	≤ 0,1µg/l

Kravet til analyse av miljøgifter kan etter søknad lempast dersom det kan leggjast fram dokumentasjon på at innhaldet at desse parameterane er uvesentleg.

Prøvene skal analyserast av laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane. Analysemetodar som er nemnt i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 i ureiningsforskrifta skal nyttast. Alternativt kan analysemetodar med dokumentert høg korrelasjon med analysemetodane i vedlegg 2 punkt 2.2 til kapittel 11 nyttast. Fylkesmannen kan avgjere at det kan analyserast på andre parameter enn BOF₅ og KOF_{CR} dersom det er påvist ein høg statistisk korrelasjon mellom desse og den parameteren det er ønskje å basere utsleppskontrollen på. Kommunen si rapportering i samsvar med punkt 8 (jf. òg § 11-5 ureiningsforskrifta) skal likevel vere basert på parameterane BOF₅ og KOF_{CR}.

3.6. Vurdering av analyseresultat

Analyseresultata skal vurderast i høve til tabell i § 14 – 13 i ureiningsforskrifta. Ved uttak av 24 prøver pr år skal talet på prøver som **ikkje** tilfredsstillar kravet til reinseeffekt eller utsleppskonsentrasjon i punkt 3.1, **ikkje** overstige **3 – tre** for parameterane BOF₅, KOF_{CR}.¹ I tillegg skal den høgste analyseverdien ved prøvetaking under normale driftstilhøve **ikkje** overstige konsentrasjonskravet med 100% eller meir.

Kravet til reinseeffekt for fosfor (P) gjeld årleg middelveidi.

3.7. Varsling av overskriding av reinsekrav

Verksemda pliktar snarast å varsle Fylkesmannen dersom utsleppet overstig reinsekrava med 100% eller meir.

¹ Det skal ikkje takast omsyn til ekstreme analyseverdiar dersom desse skuldast uvanlege tilhøve som for eksempel kraftig nedbør.

4. Utslepp til luft (lukt)

Drifta av avløpsanlegga skal ikkje føre til særlege luktulemper for omgivnadene. Før bygging av reinseanlegget må det gjerast ei vurdering av mogelege kjelder til luktutslepp og luktspreiing, og behovet for tiltak må utgreiast.

Dersom det ligg føre grunngeevne klager på luktutslepp frå avløpsanlegget, kan Fylkesmannen påleggje luktmålingar og iverksetjing av luktdempande tiltak.

5. Støy

Avløpsanlegget sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggjande bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller utrekna som frittfeltsverdi ved mest støyutsette fasade:

Tabell 5.

Dag (kl. 07-19) $L_{pAekv12h}$	Kveld (kl.19-23) $L_{pAekv4h}$	Natt (kl. 23-07) $L_{pAekv8h}$	Søn-/helgedager (kl. 07-23) $L_{pAeq16h}$	Natt (kl. 23-07) L_{A1}
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Støygrensene gjeld all støy frå ordinære aktivitet ved avløpsanlegget, inkludert intern transport på anlegget sitt område. Støy frå byggje- og anleggsaktivitet og frå ordinær persontransport av tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

6. Energi

Verksemda skal til ei kvar tid vurdere tiltak som kan setjast i verk for å oppnå mest mogeleg energieffektiv drift av avløpsanlegget.

Verksemda skal vurdere å ta i bruk varme-/energigjenvinning ved reinseanlegget.

7. Avfall

Verksemda pliktar så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulempe, å unngå at det oppstår avfall som følgje av aktiviteten. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemda plikter å syte for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i samsvar med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller med heimel i ureiningslova og avfallsforskrifta².

² Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 01.06.2004, nr. 930.

Avfall som oppstår i avløpsanlegget skal søkast gjenbrukt, eller – for brennbart avfall – utnytta til energiproduksjon internt/eksternt. Slik utnytting må skje i samsvar med gjeldande reglar fastsett i eller med heimel i ureiningslova og krav fastsett i dette løyvet.

Avløpsslam skal i størst mogleg grad nyttast som ein ressurs. Med omsyn til kvalitet, lagring og bruk mv. av avløpsslam viser vi til "forskrift om gjødselvarer mv. av organisk opphav", der Mattilsynet og kommunen har tilsynsmynde. Mengde avløpsslam skal registrerast som (kg eller tonn) tørrstoff pr. år.

8. Rapportering

Ordinær rapportering av reinse- og utsleppstal skal skje til KOSTRA innan 15. februar kvart år. Fylkesmannen kan, om han finn det nødvendig, krevje utvida rapportering frå verksemda.

VEDLEGG 1**Liste over prioriterte stoff, jf punkt 2.1.**

Utslepp av disse komponentane er berre omfatta av utsleppsløyvet dersom dette går fram uttrykkeleg av vilkåra, eller dei er så små at de må sjåast å vere utan miljømessig betydning.

Metall og metallforbindelsar:

	Forkortingar
Arsen og arsenforbindelser	As og As-forbindelser
Bly og blyforbindelser	Pb og Pb-forbindelser
Kadmium og kadmiumforbindelser	Cd og Cd-forbindelser
Kobber og kobberforbindelser	Cu og Cu-forbindelser
Krom og kromforbindelser	Cr og Cr-forbindelser
Kvikksølv og kvikksølvforbindelser	Hg og Hg-forbindelser

Organiske forbindelsar:

	Vanlege forkortingar
Bromerte flammehemmere:	
Penta-bromdifenyleter (difenyleter, pentabromderivat)	Penta-BDE
Okta-bromdifenyleter (defenyleter, oktabromderivat)	Okta-BDE, octa-BDE
Deka-bromdifenyleter (bis(pentabromfenyl)eter)	Deka-BDE, deca-BDE
Heksabromcyclododekan	HBCDD
Tetrabrombisfenol A (2,2',6,6'-tetrabromo-4,4'isopropyliden difenol)	TBBPA
Dietylheksylftalat (bis(2-etylheksyl)ftalat)	DEHP
Klorholdige organiske forbindelsar	
1,2-Dikloreten	EDC
Klorerte dioksiner og furaner	Dioksiner, PCDD/PCDF
Heksaklorbenzen	HCB
Kortkjedete klorparafiner C ₁₀ -C ₁₃ (kloralkaner C ₁₀ -C ₁₃)	SCCP
Klorerte alkylbenzener	KAB
Mellomkjedete klorparafiner C ₁₄ -C ₁₇ (kloralkaner C ₁₄ -C ₁₇)	MCCP
Pentaklorfenol	PCF, PCP
Polyklorerte bifenyler	PCB
Tetrakloreten	PER
Tensidene:	
Ditalg-dimetylammoniumklorid	DTDMAC
Dimetyldioktadekylammoniumklorid	DSDMAC
Di(hydrogenert talg)dimetylammoniumklorid	DHTMAC
Triklorbenzen	TCB
Triklloreten	TRI
Muskxylenar (nitromuskforbindelsar):	
Muskxylen	
Muskketon	
Nonylfenol og nonylfenoletoksilater	NF, NP, NFE, NPE
Oktylfenol og oktylfenoletoksilater	OF, OP, OFE, OPE
Perfluor oktylsulfonat og andre perfluorerte alkylsulfonater	PFOS, PFAS
Polysykliske aromatiske hydrokarboner	PAH
Tinnorganiske forbindelsar:	
Tributyltinn	TBT
Trifenyltinn	TFT, TPT